Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Utsira

Emne: Vassbøring

Bygdelag:

Oppskr. av: Thorolf Kvalevik

Gard: Kvalevik

(adresse): Utsira

G.nr. 31. Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein har bore og framleis bør vatn både til bustad og fjøs med vassele og to bøtter. To bøtter er ei før.

Vasselen er rett, hola ut for akslene og for jamvekt til båe sider hola ut midtpå for halsen. I den brukar ein tog eller jarnlekkje med jarnkrokar i for bøttene.

Andre vasseltyper kjenner ein ikkje, og hebøtter er ikkje brukt

2. Omframt måten som nemnt, veit ein då bere om å ta ei bøtta eller ei bøtta i kvar hand og bera vatnet inn.

Brukar ein vassele støttar ein på bøttene med ei hand på kvar bøtta at vatnet ikkje skvampla over.

3. Ikki har til dei aller siste åra vore ein usedd ting her.

4. Vassbøringa har kona og borna helst måtta gjort, og som frå gamalt av har vore rekna for nokko som høyrde med til det vanlege husstellet åt kona.

Hus heim og buskap er ting kona og borna får ta seg av. Husfaren har

8376

sitt, om vintersen büste i feike og om haustin førebuing til det.

Denne imgodde vane er vorten til ein uvane, for sjølv om det høver at husfaren og andre mannfolk med er heime og godt kunne gje ei hand=hjelp med i husstellet, eig dei inkje tanke for anna enn at dette er ein naturleg ting som må vera so.

Mang ein gong kan ein vesta sår i hug å minnast etter at mor ba ein henta inn ei bøtta vatn. Eit sers lag hadde ho når ho bad om dette, ein måtte mest gå anten ein var huga for det eller ei, sølis vart det kan hende inkje jamnt at ein var tverr, men det som gjer ein sår i hug er kvifor ho i vande for vatn måtte be so vyrdeleg om det og inkje jaga oss iveg etter det.

5. Diverse er denne måten endå mykje brukt, men bruk av vatn i fjos vert inkje stort på små garder som alle er det her.

6. Det vanlege er at kvart Bruk har si eiga vasskjelda, og då om det er høve til det so nest husa som det er råd med, kanskje i Bustad Kjellaren der det er von om å finne vatn, men er det inkje alle kjelder som held vatn når det setter inn med turk. Då er det brukt at ein med tønner og kar på slede med hest kjører vatn frå ein stad til ein annan. Nokon samlar regnvatn

8376

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2. blad



## Vatn.

av hustakka i støypt kumme som står innåt husa og frå denne dreg vatnet inn med pumpa.

7. Få er dei endå som har fått seg innlagt springvatn, men kjem det seg no litt etter kvart. Ein gjer det då gjerne på den måten at ein lagar demning i små dalsøkk som ligg høgre enn husa og får då spring både til bustad og fjøs.

Elles er ålmenn interesse i å få seg innlagt vatn, men kostnadene med røyr gjer sitt at so mange familiers må bære vatnet inn.

8376

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. 5.

Herad: Utsira

Emne: Vassbering

Bygdelag:

Oppskr. av: Thorolf Kvalevig

Gard: Kvalevig

(adresse): Utsira

G.nr. 31 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Den måten som nemnt og synt ovbilda å bera vatn på er heilt ukjent her.

Det er tenkjelig at folk i ei skogbygd ser seg ting dei kan gjera nytta av til mangt, som folk der det inga skog er aldri kunne drøymd om var bruk –.

Nr. 5.

Legges til 8376

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. 5.

Emne: Vassbæring, tillegg.

Oppskr. av: Thoralf Kvalvik,

(adresse): Utsira.

Fylke: Rogaland

Herad: Utsira

Bygdelag:

Gard: Kvalvik

G.nr. 31 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Svar på tilleggsspörsmål til nr. 5.:

Den måten å bera vatn på som nemnt og avbilda er heilt ukjent her.

Svar på tilleggsspörsmål til nr. 12:

Typisk fiskarbygda som dette er, veit ein aldri av at bein, håver og anna ~~fiske~~ avfall av fisk har vore brukt til brensel. Det same er og å segja om kumökk.

8377